



Det nye klatrestativet er flott, tykkjer både styrar Marianne L. Bjørnebøle (til venstre) og dei fem brukarane på biletet. Dei er Vidar Kildal Eidsvik, Marius Kykjeeide Eidsvilk, Mats Kyrkjeeide Eidsvik, Anders Isdal Myklebust og Kristian Øvstebø. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tysdag blir ein stor dag for Uskedalen Barnehage, for då skal det markerast at barnehagen er 30 år samstundes som det opnast "ny" leikeplass. Styrar Marianne L. Bjørnebøle opplyser at arbeidet med leikeplassen har vore forsert for at dei skulle bli ferdige til jubileet.

- Kva er det så som er nytt på leikeplassen?
- Det viktigaste av det nye er nytt klatrestativ, ny voll med gjennomgåande røyr, to nye sandkasser og ny terrasse. Det betyr at vi no stort sett har fullført uteleikeplassen.
- Tida er inne til å berømma både kommunen og dugnadsviljuge folk for stor innsats. Her tenkjer eg spesielt på Roar og Tore Musland som stilte opp med maskinane sine.
- Og no er barnehagen ferdig slik at styraren ikkje ynskjer seg meir?
- Det gjer ho nok, men det ein kan kalla det grunnleggjande er i alle fall på plass!

Marianne ynskjer "heile bygda" velkomne til ope hus frå klokka 17 til 19 tysdag. Då skal to av dei eldste blant dei 41 ungane klyppa snor, Vegard Døssland skal spela fanfare med kornetten sin, ungane skal syngja, skulemusikken spela og alle skal eta kaffe og drikkja saft og kaffi.

Det vil bli ei fin markering av jubileet. Starten skjedde hausten 1978 i Gamleskulen, nærare bestemt 21. august. Barnehagen var ein korttidsbarnehage ope fire timar om dagen og med born frå Rosendal, Omvikdalen, Herøysund og Uskedalen. Dei tilsette var Astri Skåluren Måkestad (styrar), Kristi Østebø og Ruth Sæle.

Husmorlaget hadde jobba med saka ei stund, men det hadde stoppa opp på grunn av dårleg økonomi. Så overtok soknerådet og sokneprest Gunvald Bjotveit og ein komite med Bjotveit som pådrivar og desse som medlemmer fekk prosjektet i land: Bjørg Hauge (husmorlaget), Kristi Østebø, Rut Sæle og Peder Kjærland. Seinare kom Leonhard Eik inn som økonomisk konsulent og Anne Marie Hus frå helse- og sosialsektoren.

Drifta hadde sine utfordringar. Til dømes fraus vatnet i nyårshelga 1980 og barnehagen vart for ei tid flytta opp i bedehuskjellaren. Ein annan gong vart musa så interessert i tulipanlaukar at det måtte setjast opp feller.

Kommunen tok over barnehagedrifta i 1991 og hausten 1993 kunne dei flytte inn i den nye barnehagen med 36 plassar.

Då barnehagen runda 20 år slutta historikken slik og desse orda er sikkert like aktuelle i dag:

"Barnehagen har vore og er ein viktig del av nærmiljøet vårt, her møtast vi på dugnad, foreldrekaffi, juleavslutning, sommarfester eller berre til ein uformell kaffekopp.

Eg vil håpa at barnehagen kan vera eit midtpunkt og ein trygg stad der borna kan trivast og ha det godt i framtida".

Av Ola Matti Mathisen